



Fana Stein & Gjenvinning AS avd behandling  
Fanaveien 221  
5239 Rådal

## Rapport etter tilsyn hos Fana Stein & Gjenvinning AS, 12. juni 2025

Kontrollnummer: 2025.012.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 12. juni 2025 hos Fana Stein & Gjenvinning AS avd Behandling (organisasjonsnummer: 976829158).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

### Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

#### Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda driv ikkje i tråd med alle krav i løyvet

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Fana Stein og Gjenvinning AS må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 15. september 2025.

#### Statsforvaltaren gav merknader

Vi har følgjande merknader:

- Merknad 1: Blanding av masser før vask kan føre til fortynning i strid med løyve

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

## De vil bli pålagt å betale eit gebyr

Statsforvaltaren varslar at Fana Stein og Gjenvinning AS må betale eit gebyr på 41 600 kr for tilsynet.

## Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med 2019/12290.

## Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

### Avvik 1: Verksemda driv ikkje i tråd med alle krav i løyvet

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Løyvet gitt 20.09.2024:

- 1 Rammevilkår om verkeområde for løyve
- 3.1 Avrenning frå massar før behandling
- 3.2 Prosessvatn
- 3.3 og 14.2 Avrenning frå vaska massar
- 9.2 Krav til dokumentasjon før mottak av avfall
- 9.5 Generelle krav til handtering
- 14.2 Krav til utgreiing ved vasking av nye avfallstypar og typar forureining

### Om krava

#### 1 Rammevilkår om verkeområde for løyve

Vedlegg 3 viser kart over området som anlegget har aktivitetar på og området som løyvet er gjeldande for.

#### 3.1 Avrenning frå massar som skal til handsaming i vaskeanlegget

Avrenning frå massar som skal til handsaming i vaskeanlegget skal samlast opp og skal førast til spillvassnett til kommunen saman med avrenning frå lagring av avfall som skal til Stendafjellet deponi, og spyle- og vaskevatn frå vaskeanlegg for køyretøy.

#### 3.2 Prosessvatn

Dersom prosessvatn etter reinsing overheld grenseverdiane i **Error! Reference source not found.**, skal det sirkulerast inn i prosessen igjen.

I tabell 3.2 er det fastsett grenseverdjar for prosessvatn ved normal drift.

#### 3.3 og 14.2 Avrenning frå vaska massar

Avrenning frå massar som er ferdig vaska skal samlast opp.

Vatn frå utandørs lagring kan nyttast som prosessvatn. Alternativt kan dette oppsamla vatnet førast til kommunen sitt overvassnett. Grenseverdiane i 3.3 gjeld for utsleppet til overvassnett. Utsleppet skal ikkje vere forureina med prioriterte stoff, jf. vedlegg 1.

I prøveperiodane skal innhald av forureining i vatn som renn av frå vaska massar analyserast for dei same parametrar som for massane. Prøvetakinga skal vere representativ.

### 9.2 Krav til dokumentasjon før mottak av avfall

Avfallet skal være undersøkt for innhald av relevante forureinande stoff før avfallet tas imot. Det må tas eit tilstrekkeleg tal prøvar til at desse er representative. Rapport som omtaler staden der massane blei tatt ut, inkludert beskrivelse av variasjonen i forureiningsnivå, må følge med som ein del av dokumentasjonen.

### 9.5 Generelle krav til handtering

Masser som har opphørt å være avfall, skal lagres på minimum fast dekke og adskilt fra avfall. Massar som er mindre enn 4 mm skal lagrast innandørs i minst 12 timar for avrenning.

Lagring og behandling av avfall skal skje på tett dekke og under tak.

### 14.2 Krav til utgreiing ved vasking av nye avfallstypar og typar forureining

I fase 1 skal det for kvar avfallstype/prosjekt/type forureining tas minst ein prøve for kvart 100 tonn etter vask. Massane si forureiningsgrad før vask skal dokumenterast på same måte som for vaska massar.

## **Observasjonar på tilsynet og vår vurdering**

### 1 Rammevilkår om verkeområde for løyve

Verksemda lagrar ferdig vaska massar på areal som ikkje er dekket av løyvet. Det gjeld dei større fraksjonane som vert lagra på Høiebø.

### Vilkår 3.1 Handtering av avrenning frå inngåande avfall

Avrenning frå massar som skal til handsaming blir ikkje ført til spillvassnettet til kommunen, men blir ført til vassreinseanlegget. Dette gjeld avrenning frå avfall som er lagra i lagerhall for inngåande massar, og spyle- og vaskevatt for køyretøy. Det gjeld også avrenning frå bunnrensk, med opphav i FSG sitt eige pukkverk, som blir lagra på øvre nettplass før behandling i vaskeanlegget.

Verksemda har i staden ført dette vatnet inn i vaskeanlegget via sandfangkummer og oljeutskiljar. Dette var gjort som eit tiltak for å unngå overskridingar av grenseverdiane for avrenning frå avfall før behandling (Tabell 3.1 i løyve).

### 3.2 Prosessvatn

FSG har ført 100 m<sup>3</sup> reinsa prosessvatn pr måned til kommunalt nett. Dette er i strid med kravet om at prosessvatn etter reinsing skal sirkulerast inn i prosessen. Dette vatnet overheld grenseverdiane i tabell 3.2. Verksemda viste til at årsaka til overskot av prosessvatn dels var at avrenning frå inngåande massar og spylevatn går inn til vassreinseanlegget.

Prosessvatnet overskrid grenseverdiane i tabell 3.2. Tanken for prosessvatn er på 1 000 m<sup>3</sup>. Kapasiteten på vassreinseanlegget er på 40 m<sup>3</sup>/time. Vatn til vasking tas ut og vert ført tilbake til tanken for prosessvatn. Kapasiteten til reinseanlegget blir ikkje alltid utnytta og faktisk drift er i periodar nede i 20 m<sup>3</sup>/time. Det er dermed berre ein liten del av vatnet som til kvar tid blir reinsa. Reinsa prosessvant overheld grenseverdiane etter at kolfilter blei etablert. Verksemda opplyste at vaskeanlegget er i drift 7-8 timar 4 dagar per veke, og at vassreinseanlegget er i drift heile døgnet.

### Vilkår 3.3 og 14.2 Avrenning frå vaska massar

Ikkje all avrenning frå massar som er ferdig vaska blir samla opp. Innhald av forureining i vatn som renn av frå desse massane vert dermed ikkje prøvetatt og analysert. Dette gjeld følgjande;

- Fraksjonen 0/2 har etter vasking i periodar blitt lagra på øvre nettplass, men det er ikkje oppsamling av vatn eller tilrettelegging for prøvetaking av avrenning frå dette området. Det er dermed ikkje tatt prøver av avrenninga. Massane hadde stått 12 timar til avrenning i hallen for vaskeanlegget før lagring på øvre nettplass.
- Ferdig vaska fraksjonar over 8 mm vert lagra på Høiebø, men dette området har ikkje fast dekke, oppsamling av vatn, eller målingar av overvatnet.

### 9.2 Krav til dokumentasjon før mottak av avfall

Verksemda tar imot ein del forureina massar sjølv om dei manglar rapport som omtaler staden der massane er tatt ut. Dette gjeld for det meste massar frå hasteprojekt og mindre prosjekt der det ikkje er laga tiltaksplan.

Verksemda tar imot forureina massar frå store prosjekt utan at innhald av relevante forureinande stoff i alle tilfelle er godt nok kjent. For større prosjekt er det som regel laga ein tiltaksplan. På slike prosjekt vil det ofte oppstå massar med fleire typar og grader av forureining. Ved levering er det ikkje alltid kjent om massane kjem frå dei mest eller minst forureina delane av eit prosjekt.

Verksemda har tatt imot bunnrenskmassar frå eigen drift utan at det er tatt tilstrekkeleg tal prøvar til at desse er representative. Ut frå metode for masseuttaket, vurderte verksemda at massane truleg har lågt innhald av forureining. Det er tatt ein eller to prøver som viste dette, men det kunne ikkje dokumenterast at tal prøver var tilstrekkeleg til å vere representative for mengdene som var tatt imot for vasking.

Kunnskap om forureiningsgrad og type på mottatte massar er viktig for å kunne planlegge god drift av anlegget.

### 9.5 Generelle krav til handtering

Ikkje alle vaska massar under 4 mm vert lagra innandørs i 12 timar for avrenning. Det gjaldt ferdig vaska massar i storleik 0/8mm som vart lagra delvis utanfor takoverbygget. Fallet på dekket gjer at avrenning frå massane går til oppsamling og tilbake til vaskeprosessen.

Ikkje alle massar som skal til vasking er lagra under tak. Det gjaldt bunnrensk som blei lagra ute på øvre nettplass. Verksemda vurderte at desse massane hadde lågt innhald av forureining, og at potensialet for avrenning var lite.

### 14.2 Krav til utgreiing ved vasking av nye avfallstypar og typar forureining

Verksemda tok ikkje prøver av kvart 100 tonn innkomande avfall i heile fase 1 av prøveperioden, og vaska heller ikkje prosjekt for prosjekt i heile fase 1. I starten av fase 1 tok dei prøver av kvart 100 tonn, og vaska prosjekt for prosjekt, men vurderte etter kort tid at dette ikkje var hensiktsmessig. Dei erfarte at det var viktig å ha ei blanding av ulike kornstorleiker for å få optimale forhold i vaskeprosessen, og at det er særleg viktig med ein del stein for å løyse opp finstoffet. Det vart opplyst at desse erfaringane vil bli omtalt i rapporten som skal leverast etter at prøveperiodane er ferdige. Verksemda meinte at prøver av kvart 100 tonn var meir omfattande prøvetaking enn nødvendig. Fase 1 varte frå 27 september til jul 2025. Fase 2 starta 6. februar og er planlagt ferdig til sommarferien 2025.

## **Merknad 1: Blanding av masser før vask kan føre til fortynning i strid med løyve**

### **Observasjonar på tilsynet og vår vurdering**

Verksemda blandar massar med ulik grad av forureining. Dette vil i nokre tilfelle innebere at ferdig vaska massar kjem under grenseverdiar på grunn av fortynning. Dette er ikkje tillate dersom hensikta er å fortynne avfall.

Verksemda viste til at dei tilsette stein for å løyse opp finstoffet, og at blanding av massar med ulik korngradering derfor var nødvendig for å oppnå gode vaskeresultat. Dette førte i nokre tilfelle også til blanding av finare massar med ulik forureiningsgrad, og dermed fortynning av forureining i finfraksjonen. Dersom finare massar meg høgt innhald av forureining vert uttynna med andre fine massar med lågt innhald av forureining, vil dette i nokre tilfelle føre til at dei finaste fraksjonane (0/2 og 2/4) i dei ferdig vaska massane på grunn av fortynninga vil kome under grenseverdiane. Verksemda viste til at føremålet var å tilsette stein for å få rett kornfordeling og dermed gjere massane betre eigna for vasking, og ikkje å fortynne forureining.

### **Varsel om gebyr**

Statsforvaltaren varslar at Fana Stein & Gjenvinning AS må betale gebyr for tilsynet. På bakgrunn av venta ressursbruk tek vi sikte på å vedta eit gebyr på 41 600 kr. Dette tilsvarer sats 2 for tilsyn av inntil en dags varighet. Vedtaket vil bli gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få eit nytt brev med vedtak om gebyr.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av tilsynet. Vi viser til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### **De kan gi tilbakemelding på varselet**

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren innan to veker.

## **Del 3: Informasjon om tilsynet**

### **Gjennomføring av tilsynet**

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Åsmund Skancke Karlsnes
- Astrid Holte
- Kristin Espeset

Kontaktperson hos verksemda:

- Karsten Gundersen

### **Anlegg**

Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Fana Stein og Gjenvinning AS Vaskeanlegg (4601.0036.01)

## Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- utslepp til vatn
- handtering av avfall

## Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- forureiningslova
- avfallsforskrifta
- forureiningsforskrifta

## Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- Analyser av innhald av miljøgifter i vatn, i mottatte massar og vaska massar.

## Del 4: Annan informasjon

### Andre tilhøve

Verksemda sorterer i dag vaska massar i ulike fraksjonar, mellom anna 0/2mm, 2/4mm og 4/8mm. Under tilsynet kom det fram at verksemda ønsker å slå saman desse fraksjonane til ein felles fraksjon 0/8mm. I gjeldande løyve er det ikkje tillate å fortynne avfall med hensikt å komme under grenseverdiar. Det er vidare eit krav at forureiningsgraden i massane som er behandla skal dokumenterast i samsvar med eit prøvetakingsprogram. Eit minimumskrav i prøveperioden er at forureiningsgraden for massar under 4 mm etter vask skal dokumenterast med analysar.

Verksemda undersøker også om det er mogleg å bruke massar med PAH-verdiar over normverdien for reine massar til asfaltproduksjon. I gjeldande løyve er det eit krav at reinsa massar som skal gjenbrukas, slik at dei erstattar jomfruelege jord- og steinmassar, må:

- tilfredsstille normverdiane for reine massar, jf. Forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1
- ikkje innehalde nivå av prioriterte miljøgifter, jf. Vedlegg 1, av miljømessig betydning.

Ferdig vaska massar med for høge verdiar av PAH vert i dag deponert.

Dersom det er vilkår i løyve de vil endre, må de søkje Statsforvaltaren om endring. Krava i dagens løyve er gjeldande for verksemda, inntil dei eventuelt er endra.

Verksemda informerte på tilsynet at erfaringar frå prøveperioden gjer at dei vurderer å søkje om endring av fleire vilkår som det er gitt avvik frå.

### **De kan kommentere på rapporten**

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

### **Rapporten er offentlig**

Denne rapporten vil vere offentlig tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på [www.einnsyn.no](http://www.einnsyn.no), i samsvar med offentliglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

Med helsing

Astrid Holte  
senioringeniør

Åsmund Skancke Karlsnes  
overingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE